

”Mens dansen går...”
Ein Hulda Garborg-kveld



”Mens dansen går...”

Ein Hulda Garborg-kveld

Tekstutval ved

HALLDIS MOREN VESAAS

Regi:

SIRI ROM

Kostyme:

RANDI SKAHJEM

Parykkmakar:

DORO WALSTAD

Inspisient:

REIDAR JAMVOLD

Sufflør:

TORILL STEINLEIN

Musikken til «Guten min» og «Tordis syng» er komponert av TONE RINGEN, «Mjøsa» av EGIL MONN-IVERSEN

Programredaksjon: Halldis Hoaas

Foto: Sturlason

Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo

TORDIS MAURSTAD

HALLDIS MOREN VESAAS

EVA SLETTO

ELISABETH SAND

Fløytesolist:

PETTER BRAMBANI/ROLF MALM

Spelemenn:

ÅNON EGELAND/ARNE ØYGARDEN

Hallingdansar:

KRISTIAN IHLE HANTO

I telemarkspringar:

**KRISTIAN IHLE HANTO og SISSEL
SKJEGGEDAL/KARI HØIBJELKE**

I setesdalsganger:

**FOLKE FLATELAND/EDVARD LAUEN
og KARI NUSSTE/BJØRG SVEIDSEN**

I utdrag frå «Liti Kersti»:

Bergkongen

FRIMANN FALCK CLAUSEN

Bjørgulv

RAGNAR DYRESEN


Tone

MARIANNE KROGH

Kersti

ELISABETH SAND

Medlemmer av Leikarringen i BUL



«HULDA HOLDER PÅ MED . . .»

«Hulda holder på med at male Borde og Vægger, sy Skindfælder samt skrive Tragedier».



Dette vesle referatet av kva Hulda heldt på med ein vanleg kvardag heime på Labråten, står i eit brev Arne Garborg ein gang skreiv.

Vanleg? — Sikkert. Hadde ikkje Hulda drive eit slikt vekslebruk, hadde ho ikkje fått utrette så mykje på så mange område som ho vitterleg fikk.

Når ein delar seg slik mellom det eine og det andre, går det gjerne ut over anten det eine eller det andre. Over tragediene, her? Helst det, ja. Ikkje slik at ho ikkje fekk tragediene og mykje anna skrivarbeid frå seg. Rekner vi med alt ho gav ut i bokform, kjem vi opp i over 40 titlar. Men diktninga hennar tapt nok på at ho kom til å bruke tid og krefter på så mykje anna. Det visste ho godt nok sjølv, og fekk det stadfest av den iblant temmeleg harde kritikken bøkene og skodespela hennar fekk. Skrivninga fekk

ofte vente til alt anna var unnagjort. Med tanke på skinnfeldane o. l. seier ho ein gang at: «I neste Tilværelse vil jeg gifte meg med en Kone». Mange skrivande kvinner har hatt grunn til eit slikt hjertesukk.

Men om forfatterskapet ikkje vart det det kanskje kunne blitt, har det ikkje fortent å bli så gløymt som det vel er. Somt av det er leseverdig den dag i dag, som tidsbilde, som menneskeskildring, og som rett og slett diktning. Ei av bøkene hennar fekk sjansen til å nå nye lesarar for eit par år sidan: da kom «Kvinnen skapt av mannen» i ny utgåve. Denne vesle romanen i jeg-form som kom, anonymt, i 1904, var eit svar på boka «Geschlecht und Charakter» som den unge østerrikske filosofen Otto Weininger nettopp hadde gitt ut. Det er hans nedvurdering av kvinna og av kvinneleg eros fru Garborg tar til motmæle mot. Etter nyfeministisk målestokk virkar vel boka nokså reaksjonær no, men for 70 år sidan var dette dristig tale av ei kvinne. Påstod ho kanskje ikkje at kvinner



nar eit kjønsliv! Ikkje rart at boka vekte stor oppsikt og mykje diskusjon. Somme ropte fy, andre bravo. Mellom dei siste var den kjende svenske kritikaren Per Hallström, han skreiv ei svært rosande melding i «Dagens Nyheter» der han bl. a. sa at forfatterinna visste mykje meir om emnet enn Weininger og at ho var «en mycket rikare natur, klarögd och klok, vid og varm».

Nokon fullblods feminist var ikkje fru Garborg. Ho visste av eiga røynsle kor nærsagt umuleg det var for ei evnerik jente i den tid og i dei kår ho voks opp i å få utvikle seg som ho burde, og ho hadde sterk rettferdssans — så visst var ho ikkje imot at vegen til utdanning skulle stå open for kvinnene. Men ho var imot at vegen skulle føre dei bort frå heimen. Syret hennar på kvinne-emansipasjonen var vel bestemt av at **barnet** stod så sentralt i interessene hennar. Ho reiste mykje, kvar ho kom såg ho etter korleis barn hadde det, og ho las og skreiv og tala mykje om oppseding og opplæring av

barn. Den boka ho skreiv om «Rousseau og hans tanker i nutiden» viser kor evig aktuelt ho syntest at hans barneoppsedings-program var. Som han meinte ho at «samvittigheten er den guddommelige gnist som skiller menneskene fra dyrene», at det eit barn først og fremst bør lære er å bli vakent og tolerant og glad i livet og i alt levande — og at nært samliv med naturen er nødvendig for alle og mest for barn. I så måte skulle ho vere moderne nok, og det er ho òg i synet sitt på dei ugifte mødrene. Da det kom i stand ein heim for slike i Kristiania skreiv ho at den «er det vi trønger mest av alle hjem. For hjemløse i enhver forstand end disse arme ugifte mødre er ingen i verden».

Så samfunnsmenneske var ho i alle fall? Ja. Politisk engasjert? Til ein viss grad. Ho var ei tid med i Asker kommunestyre, og sjølv sagt gjekk ho med glød inn for oppløysing av unionen med Sverige og for alt vi forstår med uttrykket «nasjonal reising» — i den har mykje av livsverket hennar si rot. Men

nokon partitråvar var ho ikkje. Meiningane sine bygde ho på det ho hadde opplevd og lese og tenkt seg til, og det grunnlaget måtte ho òg ha når ho steig fram og streid for den eller den sak.

Den første verdskrigen gjekk hardt inn på fru Garborg, og overtydde henne om at arbeid for fred var den viktigste av alle saker.

Arne Garborgs liste over det «Hulda holder på med» kunne ha vore mykje lenger. Ho sådde så mange slags frø. Somme av dei har vist seg svært livskraftige.

At så mykje norsk ungdom no i fleire generasjonar har funne glede i folkeviseleik og folkedans, er henne å takke. Ikkje henne aleine, men ho var den første som fann på å lage dans etter folkeviser, og den første som tok til å reise rundt og undervise i leik og i folkedans eller kva ein no vil kalle det — at den slags dans òg måtte komme med, fall av seg sjølv.

Og denne verksemda — og det vil atter seie: Hulda — kan vi takke for at bunadane er komne i heider og ære. Dei var ved å gå av bruk dei fleste stader i landet, og stakkars dei «bondetuppene» som viste seg i bygatene i bunad. Men til folkeviseleik og springar og gangar m. m. hører så absolutt bunad. Ho, og forhåpentleg mange andre, såg òg kor fin «brukskunst» og kor kledeleg eit plagg ein bunad kan vere — og ein skulle tru at ho sjølv, når ho møtte opp i fullt skrud med rosesaum og kvite skjorte-ermer og singlande søljer, var ein framifrå mannekeng for denne moten, som for ein gangs skuld kom til å bli ein varig mote.

Henne — først og fremst henne — kan vi òg takke for at vi har Det Norske Teatret.

Alt etter ein vellykka «målmarnad» i Kristiania i 1898 var ho med og fekk i stand eit spellag — første utgåve av Det Norske Spellaget. Det førte opp

små stykke på «landsmål» i hovudstaden og var òg ute på ein og annan turné. Hulda var både skodespelar og instruktør og skodespelforfattar — «Sovande sorg» og «Rationelt fjøsstell» gjorde stor lykke. Men dette var amatørteater, og målfolket sikta høgere enn som så — sikta mot eit profesjonelt nynorsk teater. Teatra i Kristiania førte opp eit og anna stykke på landsmål, og framstående målfolk meinte at eit nynorsk teater måtte kunne bli til i samarbeid med eit av dei. Da det ikkje lykkast, og etter at Det Norske Spellaget nr. 2, større og meir ambisiøst enn det første, hadde sondert terrenget, er tida inne for eit sjølvstendig nynorsk teater i hovudstaden. Hulda set i gang, og mange med henne — ikkje minst ein ung spellagskar ved namn Edvard Drabløs. Mykje strev kosta det før saka var i hamn, og stort spetakkel vart det når så langt leid. Teatret vart i alle fall til.

Den første store sigeren — den som overtydde jamvel Nils Kjær om at teatret hadde «sin berettigelse» -- vann det nystarta teatret med **Læraren**. Hulda hadde sett i scene, etter krav frå Garborg — berre det viser vel kor stor tillit han hadde til henne.

For det hadde han, i stort og smått. Noko av forklaringa på at ho kunne overkomme så mykje, ligg vel nett opp i at Garborg, som ho hadde sett opp til frå sin tidlegste ungdom, heldt alt hennar strev for å vere nyttig gjerning som han alltid var villig til å støtte.

Under arbeidet med det Hulda Garborg-programmet som Scene 2 no framfører, og under arbeidet med denne artikkelen, har professor Johs. A. Dales bok om Hulda Garborg vore til stor hjelp. Han er borte, så vi kan ikkje få takke han. Men det skal i alle fall seiast at utan boka hans, ville vi ikkje hatt mot til å gå i gang med dette som no skal visast på scenen.

Halldis Moren Vesaas.



AV HULDA GARBORG

- «Et frit Forhold» — roman. Bergen 1892. Litleré.
- «Mødre» — drama i tre akter. Kristiania 1895. Feilberg & Landmark. Urpremiere på Christiania Theater 23. oktober 1895.
- «Rationelt Fjøsstell» — en Komedie-Akt. Kristiania 1896. Feilberg & Landmark. Urpremiere på Christiania Theater i 1897. På DET NORSKE TEATRET: I Kristiansand 2. januar 1913 — ei av opningsframsyningane, i Kristiania 12. oktober 1913.
- «Hos Lindelands» — lystspill i tre akter. Trykt saman med det neste. Urpremiere på Den Nationale Scene i september 1899.
- «Noahs Ark» — farce i en akt. Kristiania 1899. John Fredriksen. Urpremiere på Centralteatret i september 1897.
- «Heimestell». Kristiania 1899. Utgitt av «Den 17de Mai».
- «Sovande Sorg» — drama i 3 akter. Kristiania 1900. Aschehoug. Urpremiere på DET NORSKE TEATRET på Kongsvinger 26. august 1917, i Kristiania 13. desember 1917.
- «Lidt om madstel paa landsbygden» — Røros 1902.
- «Fra Kolbotnen og andetsteds» — Kristiania 1903. Aschehoug.
- «Liti Kersti» — eventyrspel med Song og Dans i tvo Vendingar. Kristiania 1903. Aschehoug. Urpremiere på DET NORSKE TEATRET på Friluftsteatret på Bygdøy 10. juli 1919, seinare spela med premiere 14. januar 1934.
- «Norske folkevisor I» — med utgreiding um visedansen av Hulda Garborg. Oslo 1903. Norigs Ungdomslag og Studentmaallaget (Norske folkeskrifter nr. 8).
- «Norsk klædebunad» — Oslo 1903. Norigs Ungdomslag og Studentmaallaget (Norske folkeskrifter nr. 13).
- «Song-Dansen i Nord-Landi» — Kristiania 1903. Aschehoug.



Frå «Tyrihans» i 1914



Frå «Sovande sorg» i 1917



Tordis Maurstad i «Tyrihans» i 1930



Frå «Liti Kersti» på Bygdøy i 1919

«Kvinden skabt af Manden» — Studie af en Kvinde. Kristiania 1904. Aschehoug.

«Edderkoppen» — Drama i fire akter. Kristiania 1904. Aschehoug. Urpremiere på Nationalteatret 19. oktober 1909.

«April» — Drama i tre Akter. Kristiania 1905. Aschehoug. Urpremiere på Centralteatret i mars 1899 under tittelen «Vaar».

«Fru Evas Dagbog» — Kristiania 1905. Aschehoug.

«Kongens Kone» — Interiør fra Ludvig XIV's Hof. Kristiania 1906. Aschehoug. Aldri spela.

«Matstell paa Landsbygdi» — Oslo 1907. Norigs Ungdomslag og Studentmaallaget. (Norske folkeskrifter nr. 35).

«Sigmund Bresteson» — folkestykke i 5 vendingar. Oslo 1908. Det Norske Samlaget (tilleggsbok til «Syn og segn»). Urpremiere på DET NORSKE TEATRET 15. mars 1932 i høve Hulda Garborgs 70-års dag.

«Mann av Guds Naade» — forteljing. Kristiania 1908. Aschehoug.

«Rosseau og hans Tanker i Nutiden» — Kristiania og Kjøbenhavn 1909. Gyldendal.


«Rosseau» — Oslo 1910. Norigs Ung-

domslag og Studentmaallaget (Norske folkeskrifter nr. 53).

- «Under Bôdhitræet» — en Drøm i fire billeder. Kristiania 1911. Aschehoug. Aldri spela.
- «Eli» — roman. Kristiania 1912. Aschehoug.
- «Barn i by» — Kristiania 1913. Aschehoug.
- «Norske dansevisur» — Kristiania 1913. Aschehoug.
- «Mot solen» — roman. Kristiania 1915. Aschehoug.
- «Tyrihans» — eventyrspel med Song og Dans. Kristiania 1915. Aschehoug. Urpremiere på DET NORSKE TEATRET 26. desember 1914. Seinare spela med premiere 26. desember 1930, og 15. desember 1939.
- «Gaaden» — Efter Præstedatteren Else Marie Lindes Optegnelser. Kristiania 1916.
- «Norsk Klædebunad» — med 100 bilæte og 8 fargelagde Mynsterteikningar av Halfdan Arneberg. Kristiania 1917. Aschehoug.
- «Den store Freden» — dramatisk dikt. Kristiania 1919. Aschehoug. Aldri spela.
- «Mens dansen gaar» — roman. Kristiania 1920. Aschehoug.
- «I huldreskog» — Kristiania 1922. Aschehoug.
- «Naar heggen blomstrer» — Kristiania 1923. Aschehoug.
- «Grågubben» — Kristiania 1925. Aschehoug.
- «National kost» — Oslo 1925. Fabritius.
- «Trollheimen» — Av en prestesøns dagbok. Oslo 1927. Aschehoug.
- «Helenes Historie» — Oslo 1929. Aschehoug.
- «Kornmoe» — vers og visor. Oslo 1930. Aschehoug.
- «Hildring» — Oslo 1931. Aschehoug.
- «Symra» — Oslo 1934. Aschehoug.
- «Barndomsminne» — Oslo 1935. Aschehoug.



Hulda Garborg var ikkje berre ein svært aktiv skribent, dramatikar og diktar, ho tok òg del i teaterarbeidet som skodespelar — og først og fremst som instruktør. På Det Norske Teatret hadde ho ansvaret for desse oppsetjingane: «Rationelt Fjøsstell» som opningsframsyning på det nye teatret i 1913, og same året «Bjørnefjell» av Olav Hoprekstad. Året etter sette ho opp Molières «George Dandin», som på Det Norske fekk tittelen «Arme Jørgen». 1914 var eit svært travelt teaterår. Arne Garborg ville ikkje ha nokon annan til å setje opp «Læraren», som hadde premiere 13. januar og vart den første store kunstnarlege sigeren til det unge teatret. Som juleframsyning det året sette ho opp sitt eige eventyrspel «Tyrihans». I 1917 var ho instruktør på sitt eige drama «Sovande Sorg», og året etter sette ho opp «Heim og tru» av Karl Schönherr. I 1919 følgde «Liti Kersti». «Læraren» kom att i 1921 og i 1927, og siste regippgåva hennar var ei nyinnstudering av «Tyrihans» med julepremiere i 1930.



Haldis Moren Vesaas skreiv denne prologen til 100-års dagen for Hulda Garborgs fødsel, den 22. februar 1962. Det er høveleg at den framsyninga som vart spela nett den kvelden, var ein av dei største kunstnarlege suksessane

dette teatret har opplevd: Bertolt Brechts «Den kaukasiske kritringen», sett i scene av Peter Palitzsch, med framifrå spel av heile ensemblet, men først og fremst av Hans Stormoen som Azdak og Liv Ullmann som Grusje.

HULDA GARBORG'S MINNE

Død i snart tretti år. Forlengst er dei blomane visne som sagnaden ein gang strødde på hennar bortløynde grav. I staden gror andre, meir varige, opp av den mold som er takksemnd fordi ho har levd, og for alt ho skapte og gav. Velsigna den makt som let ei eldsjel få finne si gjerning, og den som byd ferdatrøtt vandrar å legge ned sin stav!

Ho lyste i krinsen av venner, den vakre unge jenta, klarøygd og rak, med brystet prydd av nasjonalfarga band. Som skapt til å berast på hender. Men nei, ho sjølv ville bera, og fekk det til fullnads, barn som ho var av eit land som enno låg som i morgonlys, slik at det riktig tedde kor mykje der var som venta ei trusviss og arbeidsglad hand.

Snart sto ho i vidare krins: fru Garborg. Kreftene løyste seg ut i eit livsverk, heilt særmerkt, oppbygt av stort og smått. Stor omsut hadde ho støtt for alt ho såg som trong hjelpast, stort mot til å prøve vegar som ingen før hadde gått. Vi takkar for alt ho har skapt, for alt ho berga frå gløymisle som no blir verdsett høgt, men som den gangen møttest med spott.

Og her, i kveld, i teatret, takkar vi mest for teatret, det djervaste verk ho vågde. Vi får vel slå fast at det står! Eit kjærleiksbarn var det for ho som har sett det til verda. Det hedrar rett vakkert mor si og hennar hundre år. Ei mor vil vi alltid hylle best når vi hyller barnet, og d e t gjer vi gjerne, for — ikkje sant? — det eig òg kjærleikekn vår!

Haldis Moren Vesaas.



Det Norske Spellaget: Sitjande frå venstre Ingebjørg Hektoen, Klara Semb, Anna Semb, Hulda Garborg, Rasmus Breistein. Ståande frå venstre Edvard Drabløs, Aadne Garborg, Johan Mikke'sen og Olai Breistein.

KORLEIS DET HEILE BYRJA . . .

Edvard Drabløs, som var med frå dei første spirene til det som vart Det Norske Teatret byrja gro, har fortalt om denne første tida fleire gonger. Vi har valt å ta med nokre avsnitt frå den artikkelen han skreiv i jubileumsboka da Det Norske Teatret hadde overlevd i 25 år:

Det er mest ikkje til å tru at det no er 25 år sidan teatret vart opna i Kristiansand. Og at det enno lever, er vel ikkje so langt ifrå eit under.

Då teatret heldt 15-års-fest for 10 år sidan, stod det i programheftet noko slikt som at «dette teatret hev gjort seg sjølv, for det kom rekande paa ei fjøl». Siste lina kan vera både sann og bokstaveleg: for det har ikkje hendt berre ein gong at vi burte på vestlandsfjordane og i Nord-Noreg rak i land so å segja på teaterkullissone, våte til skinnnet og den vesle farkosten halvfull av sjø.

Men fyrste lina som sa at teatret hadde gjort seg sjølv, det kan det vera ymse meiningar um.

Når eg tenkjer attende på Hulda Garborg, kor ho stridde og sleit før ho fekk ut spellaget 1911, og kva ho våga på eitt kort: pengar, ære, arbeid, ja, då må eg ovundre henne enno ein gong. For at ho skulde koma heimatt både med skam og skade, var det mange som ottast og endå fleire som ynskte, for målstriden var hard den gongen.

Det var vel målmarknaden i 1898 som gav tan-

ken um norsk spelkunst liv. Fru Garborg som alt tidleg hadde huglagt teatret, fekk upp eit par stykke på den marknaden, og seinare um vintrane spela dei eit stykke no og då til tidtrøyte og til inntekt for målkassa. Men det var ikkje so mange år før spellaget tok seg ei lang kvild. Men tanken var ikkje slokna. Det var berre raka oske over han.

Garborg skreiv ein gong: At eit norskt teater maa upp um me skal faa heil norsk kultur og ei norsk dramatisk dikting, og um den norske tanken skal faa tak i byfolket, det hev eg alltid visst.

Han skreiv eit langt stykke um dette som kom ut i serpent. «Um nokon las det, veit eg ikkje. Visst er det at ingen la merke til det,» sa han. Elles so trudde han og vona at eit norsk teater vilde koma frå Vestlandet og da helst frå Bergen. Der hadde dei alt teke til med kappleikar og premiar til dei som spela best. Dei hadde framsyningar på Den Nationale Scene. Dei to beste laga «Ervingen» i Bergen og Voss Ungdomslag reiste jamvel til Kristiania og spela «Kråka» av Jens Tvedt og «Sovande sorg» av Hulda Garborg.

Dette attåt at Fahlstrøms teater hadde spela 2 stykke på dialekt det året, gjorde vel at tanken hjå fru Garborg um eit reisande spellag fekk ny noring. Og hausten 1910 tok ho til å skrive til kjende målfolk um planane sine. Spurde um dei vilde stø tanken og kanskje hjelpe til med nokre skillingar. Garborg var den gongen på Knudaheio. Co skreiv ho til han og

fortalde at ho hadde skipa eit spellag med eit par gode namn som kanskje kunde draga folk. Hulda Garborg var det eine namnet og Olav Moe var det andre. Han hadde då vunne seg eit namn med fela si både her heime og i Amerika. «Og vil du no vera med så heng på», skreiv ho til Garborg og bad han skrive seg for so mykje han såg seg råd til. Det gjorde han og hadde store voner. Men då han kom heimatt frå Knudaheio seinhaustes og fekk vita kor mykje pengar som var komne inn, vart han heller sturen. Men Hulda meinte at ho vilde våge seg i veg kor som var. «Ja, ja, vil du taka arbeidet, so kan alltid eg vera med og sjaa paa.» sa Garborg.

Fru Garborg hadde då samla kring seg nokre næmingar frå ymse kantar av landet og var alt i gang med prøvone. Det var folk frå hovudstaden, Østerdalen, Sunnmøre, Valdres, Telemark, Hordaland og Heidmark. Og eg var so heppen at eg var med i flokken.

Drabløs fortel mykje artig om prøvetida på Hva'stad, om groftegraving hos naboen og om korleis han fekk flosshatt hos Jørgen Løvland og bonjour hos Steinar Schjøtt. Systove fanst ikkje den gongen! Men til sist er den store dagen kommen:

Den 14. januar bar det i veg og vi sette kosen beint inn i ei riksmålsbygd i Solør. 13 menneske var med:

Hulda Garborg, Ingebjørg Hektoen, Kitty Wentzel, Gudrun Grave, Anna Semb, Olav Moe, Aadne Garborg, Jakob Hagen, Johan Mikkelsen, Olav Nygard, Lars Nygard, Anders Underdal, Edvard Drabløs.

Det 13-tallet var det visst ingen som hadde tenkt på før vi skulle kjøpe billetter på Aust-bana. Men då var det for seint å brigde på talet. Det fekk våge seg.

Den 15. um fyremiddagen hadde vi siste prøva, og um kvelden skulde slaget stå. No var det stor spaning um det kom folk. Jau, alt tidleg tok det til å bli livleg etter vegane. Den eine heste-skjussen etter den andre stemnde mot «Furulund» med dombjørler og stasledar, og klokka 8 var huset stappfullt. Det var ein gild kveld, og den som var glad, var fru Garborg. Ja, vi andre var ikkje minder glade både på hennar og egne vegner. Til «Den 17de Mai» sende ein entusiast dagen etter denne meldinga: «Igaar kveld spela fru Garborg og fylgjet hennar her i Solør. Det store huset var overfylt. Dei spela «Ervingen» og «Ei hugvending». Det gjekk med liv og lyst so fleire gonger var det fagning for opi scene. Daa teppet gjekk ned, vilde fagningi ingen ende taka. For spellaget og landsmaalet vart det ein stor siger.»

Næste kveld var det «Varg i veum». Etter det

mange meiner eit drama som krev mykje av skodespelarane. Ingen kunde vente at det skulde bli mønsterframsyning. Men det merkelege hende at folk sat i spaning heile kvelden, og dei som spela, gjekk so upp i rollone at fleire av dei stod inne for det dei sa — enda um det vanta mykje på scenetame. Olav Moe som sat i sufflørkassa, vart so teken at han gløymd e å sufflere. Då ein av spelarane hadde bruk for suffli og kikka burt i kassa, so sat Moe og brukte lummeduken uppe i augo alt i eit og tårone tipla, han kunde ikkje finne framatt i boka. Andre måtte berge situasjonen. Det var ei gild framsyning. Folk var tekne, ikkje av den store skodespelarkunsta, for den var langt undan: men at kvar og ein gjekk inn for oppgåva med liv og sjel og ytte det beste i god tru og med ærleg vilje, det gjorde det heile forvitneleg. Og det gamalnorske innslaget i «Vargen» av sed og tru gjorde vel òg noko til at folk umedvite hørde liksom ein kjend tone frå langt der atti tida. Visst er det at kvelden vart vellukka. Og so var det felespelet hans Olav Moe. Det tok folk heilt. Likeeins dansen, både nasjonaldansane, halling, gangar og springar og folkevisedansen.

Ein god riksmålsmann ringde til ein kjenning i Skarnes og sa at dei måtte gå på teatret mann av huse, for det var det gildaste han hadde set. Jamen var det ikkje landsmål då, vilde den andre vita. «Nei — ja, nei, det kom je neimen itte på,» sa solungen.

Mange folk møtte fram både i Kongsvinger, Skarnes og Elverum og fagna spellaget på det gjævaste. Men alle stader låg det liksom i lufta at dei som sokna til norskdomstanken, var ottefulle før vi kom og glade når vi var ferdige um kveldane. Ein brevskrivar til «Den 17de Mai» frå Elverum gjev prov på det:

«Me gjeng til desse spelkveldane med otte. Me kjenner vilkaari. Det vantar mynt, og so lyt spelarane gjera arbeidet ulønt. Det er ein vaagnad. Det er som me mest skjelv i knei naar norskdomen skal vaaga eit so pass stort tiltak. Men spelet er godt, verkeleg godt. Det er ein tryggleik over spelarane som skulde dei ikkje havt anna yrkje all sin dag. Fagningi er sterk og kjem fraa hjarta. Me skjemmaest at me kunde ottast. Me hev fenge tru, trui paa vaar sak og evnone til aa bera hennu fram.

Gjev denne ferdi deira maatte vekkje eit aalment krav hjaa folket vaart um eit fast norsk speltile. Me treng det. Me hev snart set so lenge paa framande fakter at det vore hugnad aa faa sjaa i framsyning vaart eige folk i strid og fall, i sorg og siger.»

Såleis vart det siger på dei første stadene. Spellaget kom. Men a't på Hamar var det pipekonsert, og det gjekk no elles både opp og ned — mest opp. Grunnlaget var lagt.

SPELPLANEN PÅ DET NORSKE Hovudscenen

Bertolt Brecht:

DET GODE MENNESKET I SEZUAN

Bertolt Brecht fell heilt naturleg inn i det teatersynet som ligg til grunn for denne sesongen: samfunnskritikk på teatrale premisser. «Det gode mennesket i Sezuan» er stort poetisk-naivt teater og viser kor vanskeleg det er å vere gjennomført god og handle gjennomført moralsk i eit samfunn der blandingsøkonomi og dobbeltmoral er opphøgd til norm.

Gunnel Lindblom har instruert denne store oppsetjinga. Vi veit alle at Gunnel Lindblom er ei av dei fremste skodespelarinnene i sin generasjon i Sverige. Men dei færraste veit vel at ho dei siste to åra har gjort furore som instruktør, først og fremst med to heilt nyskapande Tsjekov-tolkningar: «Kirsebærhagen» i Norrköping og «Onkel Vanja» på Dramaten.

Det er svensk scenograf også: Jost Assmann. Paul Dessaus originalmusikk blir brukt. Britt Langlie sigra stort i dobbeltrolla som Shen Te/Shui Ta.

Josef og Karel Capek: INSEKTLIV

Capek-brørne nyttar ein parabel for å fortelje oss om menneska og tilhøva dei imellom: insekt-verda — fivreliden med sin lystige, erotiske leik, den store maurkrigen, der dei marsjerande mot ein annan knusar og et alt dei møter på sin veg. Stykket vart skrivi i 1922, men temaet er diverre like aktuelt framleis. Det Norske spela stykket med stor suksess i 1947, no har vi henta instruktør, Zdenek Kaloc, scenograf, Albert Prazak, og komponist, Zdenek Pololanik, frå Tsjekkoslovakia for å gi oss ei ny tolking av det tidlause spelet. På rollelista står Lasse Kolstad, Anita Rummelhoff, Ulrikke Greve, Bjørn Floberg, Odd Furøy, Are Storstein, Anne-Lise Tangstad, Bjørn Jensen, Johan Kjelsberg, Trini Lund, Dag Sandvik, Unn Vibeke Hol og Øivind Blunck.

Paul Foster: ELIZABETH I

Amerikanaren Paul Foster har sitt teateropp-hav Off-Off-Broadway, og blir rekna som ein av dei fremste blant nyare amerikanske dramatikarar. Merkeleg nok har han aldri blitt spela her til lands — før no. I «Elizabeth I» er det ein skodespelartrupp på Shakespeares tid som fører fram spelet om den store dronninga — og det er burlesk og frodig, lyrisk og grovt. Blåmande renessanseskuppletta vekslar med velvalde anakronismar, heile tida i ei leikande og utfordrande teaterform. Og i røynda er det eit spel om makt! Ingebjørg Sem set i scene med Arne Walentin som scenograf, og skodespelarane i spelet er Bab Christensen, Britt Langlie, Ragnhild Michelsen, Astrid Sommer, Pål Skjønberg, Ingolf Rogde, Harald Heide Steen, Wilfred Breistrand, Odd-Jan Sandsdalen, Tom Tellefsen og Magnus Tveit. Først i mars blir det premiere.

Kjell Aukrust/Asbjørn Toms:

DOBBELSATS OG FRESKE FRASPARK

Det er mange år no sidan striden om Per Sætermyrmoens heimstadrett etter sigeren på 5-mila fekk latteren til å runge i Stortingsgata — vi ønskjer dei aukrustske avldølar hjarteleg velkomne attende! «Aukrust,» skreiv Skagestad i programmet førre gongen, «er eksponert for norsk bygdehumor på det mest barokke, ein humor som nærmar seg farsen, men likevel botnar i uvanleg realisme og observasjonsevne. Det må ha vore ein vaken gut som gjekk der oppe i Alvdal midt i 30-åra, med øyro og augo på stilk, og alt guten såg og opplevde er eit rikt råmateriale som berre ynglar di meir humoristen og teiknaren Aukrust auser av det.» Asbjørn Toms har regien denne gongen òg, Dag Frogner er scenograf. Premiere sist i mars.

For barna: ASKEPOTT

Runar Borge, ein av suksessmennene bak «Circus fem», er idé- og tekstansvarleg for denne frie omarbeidinga av Grimm-brørnes klassiske eventyr. Han fabulerer spenstig kring temaet — her er mykje humor, fine viser, sprelske koreografiske situasjonar. Stykket er ei utfordring til fantasiliv og leikeglede.

Tor Hultin har komponert musikken, Snorre Tindberg har laga dekoren, Randi Skahjem kostyma. Runar Borge sjølv har regi og koreografi. I tittelrolla Ann Marie Nøddelund.

På Scene 2: KVISKRING I VIND

er ein kammer-musical av amerikanarane John B. Kuntz og Lor Crane, omsett av Hartvig Kiran til norske tilhøve. I kjapt skiftande episodar føgjer vi ein gjennomsnittsgut frå foreldra møttest og stiftar familie til han sjølv blir forelska og skal gifte seg — sirkelen er slutta, eit nytt liv kan ta til. Musikken er lyrisk beat, på rollelista står Andreas Kolstad, Lars Klevstrand, Inger Lise Rypdal, Tone Ringen og Magne Lindholm. Runar Borge har regi og koreografi.

Per Olov Enquist: TRIBADERNAS NATT

Vi er på Dagmarteatret i København i mars 1889, der det er prøve på «Den sterkaste» av August Strindberg. Til stades er Strindberg sjølv (Odd Furøy), kona hans, skodespelerinna Siri von Essen (Wenche Medbøe), hennar lesbiske venninne Caroline Marie David (Ulrikke Greve), og den danske skodespelaren Viggo Schiwe (Johan Kjelsberg). Enquist vil ta ned den monumentale, gigantiske Strindberg til eit meir jordnært og menneskelig plan, og byggjer for ein stor del på Strindbergs private brev. Samstundes blir stykket eit oppgjer med dei kjønnsrollene samfunnet påtvingar oss — eit problem den uhyggjeleg kjenslevare Strindberg i høg grad var merksam på, jamvel om han ikkje greidde hanskast med det i alle høve. Jon Heggdal har regien, Einar Dahl er scenograf, og premiere blir det midt i mars.



10g161889

THE GREAT WALL OF CHINA
The Great Wall of China is one of the most famous landmarks in the world. It is a long, winding wall that stretches across the northern part of the country. It was built to protect the Chinese Empire from invasions by nomadic tribes from the north. The wall is made of stone and brick, and it is over 21,000 kilometers long. It is a symbol of the strength and resilience of the Chinese people.

The Great Wall of China is a symbol of the strength and resilience of the Chinese people. It is a long, winding wall that stretches across the northern part of the country. It was built to protect the Chinese Empire from invasions by nomadic tribes from the north. The wall is made of stone and brick, and it is over 21,000 kilometers long.

The Great Wall of China is a symbol of the strength and resilience of the Chinese people. It is a long, winding wall that stretches across the northern part of the country. It was built to protect the Chinese Empire from invasions by nomadic tribes from the north. The wall is made of stone and brick, and it is over 21,000 kilometers long.

The Great Wall of China is a symbol of the strength and resilience of the Chinese people. It is a long, winding wall that stretches across the northern part of the country. It was built to protect the Chinese Empire from invasions by nomadic tribes from the north. The wall is made of stone and brick, and it is over 21,000 kilometers long.

THE GREAT WALL OF CHINA
The Great Wall of China is one of the most famous landmarks in the world. It is a long, winding wall that stretches across the northern part of the country. It was built to protect the Chinese Empire from invasions by nomadic tribes from the north. The wall is made of stone and brick, and it is over 21,000 kilometers long. It is a symbol of the strength and resilience of the Chinese people.

The Great Wall of China is a symbol of the strength and resilience of the Chinese people. It is a long, winding wall that stretches across the northern part of the country. It was built to protect the Chinese Empire from invasions by nomadic tribes from the north. The wall is made of stone and brick, and it is over 21,000 kilometers long.

The Great Wall of China is a symbol of the strength and resilience of the Chinese people. It is a long, winding wall that stretches across the northern part of the country. It was built to protect the Chinese Empire from invasions by nomadic tribes from the north. The wall is made of stone and brick, and it is over 21,000 kilometers long.